

Årskontingent Juvikstølen Vel 2017

Det er tid for å betala årskontingenten til Juvikstølen Vel, velforeininga for alle som bur i «nye» og «gamle» Juvikstølen. **Medlemskontingenten er 400 kroner per husstand.** Ver venleg å betal kontingenten innan **23. juni 2017** til konto **3632.57.06974** (Juvikstølen Vel).

Styret håpar at så mange som mogleg kan vera med og støtta arbeidet til velforeininga. Pengane vert nytta til det arbeidet me gjer (sjå årsmeldinga), og i mange tilfelle er ein slik eigendel utløysande for støtte frå andre, til dømes kommunen. Me håpar på støtte frå alle, anten ein bur i einebustad eller burettslag.

For grillhytta som skal byggast kan ein vera med og støtta ekstra, her kjem det info på Facebook, og under jonsokfesten

Årsmøte

Det vert årsmøte i Juvikstølen Vel fredag 23. juni, i samband med jonsokfesten for Juvikstølen.

Sakliste for årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av ordstyrar, referent og to frammøtte til å underteikna protokollen.
3. Årsmelding 2016 for Juvikstølen Vel.

Saker styret har jobba med i 2016, og vil jobba med vidare med, er støtte til etablering av ei grillhytte på friområdet ved Orresteinen, støtte til vedlikehald av leikeplassar, og trafikkisikringstiltak som nye fartshumpar. Velforeininga støtta i 2016 innkjøp av Nemaslug, som del av dugnaden mot brunsiglane.

Det er elles ei eiga side på Facebook der du kan finna informasjon om ting som skjer i regi av velforeininga. Søk på Juvikstølen Velforeining.

Velforeininga sin eigen sosialkomité står bak ein del sosiale arrangement i feltet, som jonsokfeiringa.

4. Rekneskap for 2016.

5. Budsjett 2017.

(Styret har gjort vedtak om å støtta grillhytte-prosjektet med 30.000 kroner, og frå tidlegare ligg det ei løyving på 30.000 til etablering av fartshumpar).

6. Fastsetting av kontingent for 2018. (Er fastsett til 400 kroner for 2017)

7. Eventuelt, kom gjerne med ønskje om leikeplassar som treng oppgradering (det er ein føremon at dei som bur i nærleiken kan ta på seg å vera pådrivarar og gjennomføra)

8. Val for styret.

Her trengs det nye namn på fleire plassar, gje ein lyd om du har kandidatar!

Styret i 2016 har vore:

Ketil Tjore, leiar og sekretær

Reinhardt Helle, nestleiar

Bernt Veland, kasserar

Gry Anita Kjellstadli, styremedlem

Tore Ljones, styremedlem

Stein Holsen, styremedlem

Varamedlemmer:

Espen Vesteraas, Werner Blomberg, Olav Phillips.

For styret, Ketil Tjore, 92209916